

Oppdragsgjevar: **HOLON AS**

Oppdragsnr.: **52207452** Dokumentnr.: **AKU01**

**Til:** Odin Stafsnes

**Frå:** Stian Hope

**Dato** 2022-10-20

## ► Stølebuktvegen 10, Karmøy

Her kjem resultatet av dei første berekningane og vurderingane.

Me har lagt til grunn:

- Trafikktala i Tabell 1. For prognoseår 2042 er det lagt til grunn ein auke i ÅDT på 27 %, dette i samsvar med TØI sine prognosar for trafikktvikling i persontransport[1].
- Digitalt kartgrunnlag datert 14.09.2022.
- Situasjonsplan og plan-/snitt-/fasadeteikningar motteke frå oppdragsgjevar 17.10.2022.

Tabell 1. Trafikktala som er lagde til grunn i denne rapporten

Veg	ÅDT 2021 [køyretøy/døgn]	ÅDT 2042 [køyretøy/døgn]	Tungtrafikkandel [%]	Fartsgrense [km/t]
FV 511 Stølebuktvegen	3500	4400	10	30/50*
FV 511 Avaldsnesvegen	4500	5730	12	30

\* Ca 50 m før nye Stølebuktvegen 10 vert farten auka til 50 km/t, dette er tatt med i utrekninga.

## Berekningsresultat

Støynivå  $L_{den}$  dB for uteopphaldsareal på mark/terreng (i høgde 1,5 m over terreng) er vist i Figur 2 som eit støykart.


Unntatt overbygd område vil felles uteareal i sør vera i gul støysone og tilfredsstillar ikkje krava til uteareal.

Dette er antatt at undersida av overbygget er lydabsorberande.

AKU01	2022-10-20	Første Vurdering	Stian Hope	Tormod Utne Kvåle	Tormod Utne Kvåle
<b>Versjon</b>	<b>Dato</b>	<b>Omtale</b>	<b>Utarbeidd</b>	<b>Fagkontrollert</b>	<b>Godkjent</b>

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

Oppdragsgiver: HOLON AS  
 Oppdragsnr.: 52207452 Dokumentnr. AKU01




Figur 1 Støynivå på uteopphaldsareal, Lden dB rekna i 1,5 m høgde, vist som støykart.


Fasadenivå for 1.-4. etasje er vist i Figur 3-6.

Berekingane er utført med tette rekkverk på 90 cm på balkongar i 2-4 etasje. Rekkverket er lagt inn med blå strekar i figurane.


Oppdragsgiver: HOLON AS  
 Oppdragsnr.: 52207452 Dokumentnr. AKU01




Figur 3 Støynivå  $L_{den}$  dB ved fasade 1.etasje



Figur 4 Støynivå  $L_{den}$  dB ved fasade 2.etasje



Figur 5 Støynivå  $L_{den}$  dB ved fasade 3.etasje



Figur 6 Støynivå  $L_{den}$  dB ved fasade 4.etasje

Oppdragsgiver: HOLON AS  
Oppdragsnr.: 52207452 Dokumentnr. AKU01

## Foreløpig vurdering

Støysituasjonen frå vegtrafikk er berekna og vurdert mot gjeldande krav i kommuneplanens arealdel (KPA)[2], støyretningslinja T-1442[3] og byggtknisk forskrift TEK17[4].

Norconsult vurderer støysituasjonen som akseptabel gitt at bygg tilfredsstillar følgjande krav til støynivå frå vegtrafikk:

- Støynivå ved fasade høgst  $L_{den} = 65$  dB.
- Innandørs støynivå høgst  $L_{p,A,24h} = 30$  dB i alle opphalds- og soverom.
- Innandørs støynivå høgst  $L_{p,AF,max} = 45$  dB i nattperioden i soverom.
- Kvar bueining med tilgang til uteopphaldsareal med støynivå høgst  $L_{den} = 55$  dB.
- Kvar bueining må ha stille side.
- Minimum halvparten av opphaldsrom og minst eit soverom må kunne luftast mot stille side.

Alle fasadar vil tilfredsstillast kravet høgst  $L_{den} = 65$  dB. Høgste støynivå får fasade i 2. etasje mot vegen i sør med  $L_{den} 64$  dB. Ved høgste fasadenivå  $L_{den} 64$  dB vil krav til innadørs støynivå verta tilfredsstillte med ein normal fasade og gode lydvindauge.

Unntatt området som er overbygd vil felles uteareal i sør vera i gul støysone og tilfredsstillast ikkje krava til uteareal. Nord sida av bygget samt utanfor 4. etasje vil tilfredsstillast alle lydkrava til uteopphaldsareal. I vest vil balkongane kunne fungere som privat uteopphaldsareal i 2. og 3. etasje gitt skjerming i form av akustisk tette rekkverk. Balkong utanfor vestsida av 1. etasje kan og skjermast noko, då med ein tett vegg mot vegen. Her vil ein likevel ikkje oppnå tilfredsstillande støynivå utan innglassing.

Med unntak av bueiningane mot vegen i 2. og 3. etasje vil alle bueiningar ha fasade mot nord som tilfredsstillast krava til stille side. Bueiningane utan fasade mot nord vil kunne kompensere for manglande tilgang til stille side ved ein dempa fasade i vest gitt ein skjerma balkong. Kravet til stille side er soleis ikkje tilfredsstillt, men det er gjort avbøtande tiltak.

Seinare detaljering av romløyisinga må tilpassast støysituasjonen. Reguleringsplanen må vera tydeleg på kva krav ein stiller og om ein tillet dempa fasade som eit avbøtande tiltak.

## Referansar

- [1] «TØI rapport 1824/2021 Framskrivningar for persontransport 2018-2050. Oppdatering av beregningar fra 2019.», Transportøkonomisk institutt, mar. 2021.
- [2] «Kommuneplanens arealdel 2014-2023 for Karmøy Kommune», Karmøy Kommune, feb. 2019.
- [3] «T-1442/2021 Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging», Klima- og miljødepartementet, jun. 2021.
- [4] «TEK17 Forskrift om tekniske krav til byggverk FOR-2017-06-19-840», Kommunal- og distriktsdepartementet, jun. 2017.